

Nørstelid – Nordlia (gnr. 118)

Nordlia og Sørli er grannegardar i det gamle ”Strandens bygdelag” i Fåberg. Nordlia og Sørli må og ha vorte rydda samtidig. I Akershus lensrekneskap for 1621-22 er det såleis også innført om ein Amund Johnsen frå Fåberg at han hadde betalt 1. Bygsel, men av ”en ødeplads Nørsteli som nylig er lagt til landgilde til Kronen, 2 skinn”. Da Amund i 1623-24 betalte dei bygselpengane som er kalla ”halding” ell. ”3 års tage”, vart namnet på bruket hans skrive Nørstelid. Seks år seinare er gardane Sønstelid og Nørsteli båd ført i gruppa for ”Ødegaarde”. Og den utlikna leiglendingeskatten var 1 dlr. Både for Amund Nørstelid og for Gregorius Sønstelid. I 1635-36 er det presisert at båd desse gardane framleis var krongods. - Av Odelsmanntalet 1657 går det elles fram at Amund forutan å vera brukar i Nørsteli og åtte jordegods til 7 ½ skinn skyld i ”Kindsett paa Birri”.

Av manntalet over kvegskatten 1657 går det vidare fram at det da hadde vore brukarskifte i ”Nørstelj”, og at den nye husbonden heitte Bottel. Garden var da kome i god hevd, og buskapen der vart da oppgitt til å vera: 2 hopper, 12 naut, 5 geiter og 11 sauer. I Mannkjønnsmanntalet 1665 er elles namnet på brukaren skrive Bottolf, og det er oppgitt at han da var 46 år og hadde ein son som heitte Peder og var 13 år.

I år 1665 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Nørstelj” fortalt at garden framleis var krongods og tilhørde ”Kongen allene”. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 2 naut, og korntienda vart utreidd med 2 tønner, som altså svara til ei årsavling på 20 tn. Vidare er det om Nørsteli og gardsbruket der fortalt at enga, innmarka var god, og at det var skog nok til gards nytte. Garden hadde eiga ”becheqern” og ein liten humlehage, og det var seterbol og sommarbeite til krøtera på ”Rychasetter” (Ruka), landskylda av garden var framleis 1 hud eller 1 ½ pund 4 merker smør, og her er namnet på brukaren atter skrive Bottell.

Frå 10 år seinare er det under leilendingeskatten 1678 fortalt at Botel framleis var brukar i Nørstelj, men garden var da assignert major Reichwein. Assignert tyder nok her tildelt bruk.

Hoppar vi så fram til år 1714, så er det vidare fortalt at da var det Oluf Svendsen Lien som var brukar i Nørsteli. Men ikkje nok med det: Oluf hadde da også tilhandla seg garden av George Catrine Reichvin og var dermed vorte båd eigar og brukar av Nørsteli. Ved eit skifte på ”Nørsteli i Faaberg” i 1717 er namnet på eigaren elles skrive Ole, og det var nok det namnet han til vanleg brukte.

Av skifte på Nørsteli i 1717 går det vidare fram at Ole Svendsen hadde vore gift med Guri Bottelsdtr. Nørsteli, og det var henne det i 1717 var skifte etter. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Ole Svendsen, dei to sønene i ekteskapet:

1. Christen Olsen, som da var 19 år,
2. Amund Olsen, 16 år.

Ole Svendsen var framleis brukar av Nørsteli ved matrikuleringa av gardane i 1723. Det er da oppgitt at garden ligg i baklia, og at den for ein del er tungbrukt, men jordarten er god ”dog noget koldlent”. Husdyrhaldet på garden var da 2 hestar, 12 naut, 12 sauer og 4 geiter, og den årlege utsæden av korn var kring 4 tønner, alt bygg. Det er vidare opplyst at det va var 1 husmannsplass med brukande jord til garden. - Ole Svendsen brukte så sjølv garden vidare til i 1730, da eldste sonen Christen Olsen tok over som eigar og brukar av Nørsteli. - Frå året

etter er eit tingsvitnemål av 1731 der det tydeleg går fram at i den tid var det dei to gardane Nørsteli og Roland som hadde seter på Ruken.

Christen Olsen f. 1696 gifta seg med Anne Amundsdr., og dei fekk 4 born. Dei var: 1. Ole f. 1725, 2 Amund f. 1741, død 1749, 3 Beret f. gift 1754 med Ole Eriksen Sønsteli, 4. Guri.

I ei sak av 7. April 1736 er brukaren i Nordlien og kalla Christen Olsen Vesterlj. Saka, som elles gjeld bygsel av Stangevarpet, har etter utskrift av tingboka denne ordlyden:

”Stangevarpet.

Bøxseddell dat. 7.april 1736 tgl. 14. juni s.å.

Fra Sogneprest til Stange T. Boesen til Christen Olsen Vesterlj, Erik Christensen Sønst, Joen Hofland, Even Moen og Thomas Svendsen Kolberg Stuen, samtlige av Fåberg sogn på et varp til Stange prestebol, i Vandet Laagen i Fåberg sogn, samme varp kaldet Sanden eller Stange-varpet. Derimot svarer disse til hr. Boesen en fjerding god lagsild.”

Christen Olsen Nørsteli var framleis brukar av garden i 1751. Han gav da bygselseddell til Halvor Larsen på ”en hans gård Nørsteli til og underliggende husmandsplads Svarteevjuen neden i gårdens eng ved elven beliggende mot årlig husleie 2 rd. 16 skill.”

Men i 1756 hadde Christen og Anne Nørsteli skifte med borna sine medan dei baa foreldra var i live. Ved dette skiftet vart garden Nørsteli taksert for 240 rd., og kvar av dei 3 borna arva 4 skinn for 80 rd. I samband med skiftet gav så Ole Eriksen Sønsteli skjøte til Ole Christensen på 8 skind i Nørsteli for 160 rd. Dette skjøtet er dat. 14. april 1757 og tinglese 18. juni s.å.

Ole Christensen f. 1725, som da tok over drifta av garden, hadde i 1754 gifta seg med Kari Pedersdr. Reistad f. 1729, og dei fekk 6 born. Dei var: 1. Christen f. 1756, død 1759, 2. Christen f. 1760, gift 1790 med Mari Halvorsdr. Helleberg f. 1773. 3. Guro f. 1763, 4. Peder f. 1766, 5 Amund f. 1770, 6. Ane f. 1773, f. 1795 m. Jakob Olsen Snaghol.

Ole Christensen brukte ættegarden til sin død i 1775. Ved skiftet i samband med dødsfallet, vart garden ”Nordlien”, som namnet da er skrive, taksert for 320 rd., og det er opplyst at av borna til den avdøde levde da, dei to sønene Christen og Peder og dei to døtrene Guro og Ane.

Enka Kari Pedersdr. Nordlien gifta seg i 1778 oppatt med Asbjørn Asbjørnsen Skaarset f. 1743, etter at ho i 1777 hadde lånt 350 rd. av Lars Wormstuen mot pant i Nordlien av skyld i hud.- Men i 1790 fekk så odelsarvingen til garden, Christen Olsen f. 1760 skjøte frå Asbjørn Asbjørnsen på ”Nørsteli” av skyld i hud for kjøpesum 399 rd.

Christen Olsen Nørsteli f. 1760 gifta seg i 1790 med Mari Halvorsdr. Helleberg f. 1773, og dei fekk 11 born. Det var: 1. Ole f. 1792, død 1794, 2 Randi f. 1794, g. 1820 med Christen Jensen Langset, 3. Kari f. 1796, g. 1819 m. Lars Jensen Langset, 4. Christence f. 1798, død 1801, 5. Ole f. 1801, g. 1828 m. Ingeborg Johannesdr. Randgaard, 6. Christian f. 1803, 7. Anne Maria f. 1806, g. 1827 m. Kristian Olsen ved Fagstad, 8. Halvor f. 1808, g. 1832 m. Berte Larsdr. Moen, 9. Amund f. 1811, g. 1840 m. Anne Simensdr. Kjetlien, 10. Matias f. 1813, 11. Simen (Brænden) f. 1816, g. 1846 m. Marthe Olsdr. v/søndre Jørstad.

Ei tingsvidnesak frå denne tid er litt utanom det vanlege og fortel dette ganske gemytleg:

”Fåberg 25. juli 1793.

Tingsvidnesak, Peder Nørsteli kontra Simen Rønne og Jon Fougner.

Vidnet Halvor Olsen Jevne forklarte på citantens spørsmål at Jon Fougner adskillige gange hadde lånt penge av vidnet på Simen Rønnes vegne. Pengene var tilbakebetalt av Simen Rønne. Det var 5-6 år siden siste gang. De andre vidner viste intet at opplyse i saken. Tingsvidnet sluttet.”

Den Peder Nørsteli som det her er tale om, var truleg Peder Olsen Nørsteli f. 1766. Det var da i ungdoms glade år dei hadde lånt pengar av kvarandre.- Frå denne tid er og ei sak av 1799, der Ole Christensen Lien skjøta eit kvernbruk under garden Lien til Peder Christensen, truleg broren, for 7 rdl.

To år seinare kom i år 1801 påbodet om folketelling, og det budde da 6 familiar på og/eller ved Nørsteli.

Det var:

1. familie: 1. Christen Olsen, husbonden, 39 år, 2. Mari Halvorsdr., kona hans, 28 år, 3. Rundney, dotter deres, 7 år, 4. Kari, dotter deres, 5 år, 5. Christence, dotter deres, 2 år, 6. Peder Haagensen, tenestkar, 20 år, 7. Kari Iversdr., tenestekvinne, 22 år, 8. Kjersti Guttormsdr., legdkvinne, 77 år.
2. Familie: 1. Asbjørn Asbjørnsen, føderådsmann, 60 år, 2. Kari Pedersdr., kona hans, 72 år.
3. Familie: 1. Bendt Bendtsen, husmann med jord, 53 år, 2. Eli Arnesdr., kona hans, 50 år, 3. Dorthe Bendtsdr., dotter deres, 8 år.
4. Familie: 1. Svend Olsen, husmann med jord, 36 år. 2. Berthe Pedersdr., kona hans, 27 år, 3. Ole, son deres, 6 år. 4. Johanne, dotter deres, 3 år, 5 Peder Pedersen, far til kona, ”Afskediget Sergeant med Pension”, 69 år.
5. Familie: 1. Johannes Larsen, ”Husmand med jord og Kurvmaker”, 40 år, 2. Ingebor Michelsdr., kona hans, 53 år, 3. Lars Johannessen, son deres, 17 år, 4. Rasmus Johannessen, son deres, 10 år.
6. Familie: 1. Lars Michelsen, ”Inderste og nyder Almisse”, 70 år, 2. Ingierd Thorsdr., kona hans, 74 år.

Av år 1806 er ei tinglyst delekontrakt, som etter utskrift er sålydande:

”Nørsteli.

Delekontrakt, 1806, juli 21. Tgl. 1806, august 28. mellom Christen Nørsteli, Erich Raanerud, Johannes Onsum og Ole Lundgaard ang. skifte og deling ”imellem vores og ovenfor vores Hiemhaver havende eller eyende Sameje Skoug og Mark som strækker sig fra Sønstelis øvre og nordre Haffelde Hiørne derfra opefter til en Steen ved sæteren Dritens øverste og nordre Haffeldhiørne med Bogstav B, og derfra nordvestlig til en anden Steen med samme mærke B.”

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Nordlien” fortalt at buskapen av store husdyr da var 3 hestar og 16 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 56 tønner. Det er vidare opplyst at Nordlien også da hadde 2 husmannsplassar med brukande jord.

Ti år seinare skjøta i 1829 husbonden Christen Olsen fedrenegarden Nørsteli vidare til sonen Ole Christensen f. 1801, som samtidig gav føderådskontrakt til foreldra. Etter atter 10 år kom i 1838 den nye matrikuleringa, og landskylda vart omrekna i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Nørsteli fekk da som matrikkelskyld: 6 skylddalar, 1 ort og 8 skilling, som var nett det same som grannegarden Kolberg. Vidare er det opplyst at det framleis var Ole Christensen som hadde heile garden. Men tre år seinare gav i 1842 Ole

Christensen skjøte til broren Amund Christensen f. 1811 på halvparten av Nørsteli, Nørsteli av skyld 3 dalar 10 skilling.

I mellomtida hadde det dessutan og vore ei utskifting av setra Rukens sameigemark, eit skifte som vart avslutta 9. Juni 1834, men tinglyst først den 9 april 1866. Vidare var det i 1851 ei skjønns- og delingsforretning i Nørsteli den 19. Juni 1851 mellom John Sønsteli, Hans Jørstad og Amund Christensen, slik at Ole Christensen gav skjøte til Hans Arnesen Jørstad på ein parsell brn. 2. Nørsteli for kjøpesum 100 spd. Samtidig gav og Ole Christensen skjøte til Amund Christensen på ein parsell av garden, brn. 3., Nordlien for kjøpesum 350 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellinga i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Nordlien" oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 283 mål, og av dette var 59 mål jord av 1.klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet i Nordlien med husmannsplassar tilsaman utgjorde 3 hestar, 14 storfe og 29 småfe, og at den årlege utsæd av korn var ca. 10 ½ tønner og av settepoteter ca. 7 ½ tønner.

Også i 1870-åra var det fleire handlar med parsellar av Nørsteli. I 1872 selde såleis Joh. P. Sønsteli sin del av løpenr. 67 Nørsteli og løpenr. 66 Sønsteli til sonen Peder Johansen for kjøpesum 900 spd. og eit føderåd verdsett til 300 spd. Året etter gav i 1873 Peder Johansen Sønsteli skjøte til trelasthandlarane Jakob Woxen og Mathias Gustum på eit skogstykke i Auggelien for kjøpesum 700 spd. To år seinare vart i 1875 parcellen brn. 3 Nordlien seld av faren Amund Christensen til sonen Mathias for kjøpesum 1 000 spd.+ føderåd verdsett til 500 spd.

Av mai 1876 med påteikning av 1879 er ei tinglyst erklæring om å avstå grunn til den nye veigen mellom Vingnes og Storbrua.

År 1886 kom den lenge forebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. garden Nørsteli i Fåberg fekk da gardsnr. 118 av samla skyld 8,71 mark, og det var da i alt 5 bruksnr. under gardsnr. 118. Det var: Grn. 118, brn. 1 Nordlien av skyld 0,82 mark, som Peder Johansen Sørlien framleis var eigar og brukar av, brn. 2 Nordlien, skyld 0,82 mark, som Thomas Hansen Jørstad da var eigar eller brukar av, brn. 3 Nordlien, skyld 5,19 mark, eigar ell. brukar Simen Fliflet, brn. 4 Lishagen av skyld 1,00 mark, eigar ell. brukar Kristian Amundsen, brn. 5 Ruka (Sæter) av skyld 0,88 mark, som Simen Fliflet og var eigar ell. brukar av.

Da det kan vera av interesse tek vi her med at ved kommunevalet i 1901 budde det 5 personar med røysterett i og /eller ved Nordlien. Det var: 1. Mathias Amundsen Nordlie, Inderst, 54 år, 2. Kristen Olsen Storengen, sjølveigar, 69 år, 3. Husmor Matea Erlandsdtr. Storengen, 66 år, 4. Johannes Kristensen Lishagen, husmann, 31 år 5. Husmor Marie Rasmusdtr. Lishagen, 30 år.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte i eigedomstilhøva at brn. 2 Nordlien var overtatt av Simen Andreassen Jørstad, og brn. 3 Nordlien var overtatt av P. Johansen Sørlien, vidare var ei brn. 6 Storengen av skyld 0,77 mark overtatt av Johannes Kristensen.

Av handlar i seinare tid med grd. Nordlien ell. parsellar av garden tek vi elles med at ved ei skylddelingsforretning av 1908 og skjøte av 1909 vart pasellen brn. 3 Nordlien selt av faren Peder Sørlien til sonen Johan Pedersen Sørlien for kjøpesum kr. 15 000,- + føderåd til foreldra Peder og Ida Sørlien . I 1923 overtok så sonen Harald P. Sørlien garden etter foreldra, og elleve år etter overtakinga selde han i 1934 grn. 118, brn, 8 Øverli av skyld 0,54 mark til Johan H. Lishagen.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det da 3 gardsbruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da.) Det var: Grn. 118, brn. 1,3 Nordlien med eit jordbruksareal på ca. 70 mål, som Harald P. Sørlien framleis var eigar og brukar av, grn. 118, brn. 6 Storengen, areal ca. 40 mål, eigar og brukar Johannes Storengen, grn. 118, 117, brn,8,3 Øverli, areal ca. 15 mål, eigar og brukar: Ole Lishagen.